

## Sjulerud - Sighurdrudi (gnr. 154)

Sighurdrudi: Gardnamn som tydeleg kjem av mannsnamnet Sigurdr. Skrivemåten av namnet har i det heile vore skiftande og med fleire ulike avvik. Former som Siverud og Sjulerud er historisk lite kjennelege.

Dømet "Sighurdrudi" er etter avskrift av eit diplom av 1336. Det fortel at Rønnaug lekner, lækjar, eingong hadde vitna at ho hadde selt Gudbrand i Sighurdrudi 2 aurabol i Thorleifsrudi av Fogaberghi for 10 kyrlag i smør og korne m.m. Garden Sigurdrud er og omhandla i diplom av 1338, 1339 og 1437. – I 1528 finn ein gardnamnet skrivi Sigerud, og brukaren der, Tord Sigerud, svara da den utlikna ekstraskatten Gjengjerden med 1 lod sølv. Frå to mannsaldrar seinare er eit døme på at gardnamnet vart skrivi Siullrud, garden vart da ført i gruppa for "Hallfue gaarde", som kvar svara 30 skilling i skatt til bygningsarbeidet på Akershus. – Etter atter ein mannsalder er i 1621 "Niels Siffuerud" ført blant dei "Leiglendingebønder" som svara ein annan utlikna ekstraskatt med 1 dalar i pengar. – Niels var og brukar i 1630, men da er gardnamnet skrivi Siffrud. Av 1657 er den pålitelege kjelda: manntalet for Kvegskatten. Der er det om "Niels Siffuerrud" fortalt at husdyrholdet på garden hans da var 1 hoppe, 2 hestar, 18 naut, 30 sauer og 3 griser. Av odelsmanntalet frå same året, altså 1657, går det dessutan fram at Niels Siffuerrud var jordeigande bonde og sjølv åtte jordegods til 2 huder landskyld i bemeldte Siffuerrud.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Siffuerud" fortalt at 2 huder var den samla landskyld av garden, men da hadde det vore brukarskifte der, og "Effuen", Even, var vorte eigar og brukar av Siffuerud. Buskapen av store husdyr på garden var da 2 hestar og 18 naut, og korntiende vart ureidd med 3 ¼ tønner, som altså svara til ei årsavling på 32-33 tønner. Vidare er om garden oppgitt at "Engen (innmarka) er temmelig goed, Kand dog iche vidare forbedris, Schoug Alleene till Brendeveed, En liden Hommelhauge, Schielbresetter til Sommerbeed." Dessutan er det og fortalt at garden hadde eiga kvern, som det svart kverntoll av, og at landskylda og kunne svarast i 3 bismarpund 3 merker smør.

"Effuind Sifrud" og bror hans, Ole, er og nemnde i ei sak av 1665. Saka, som elles har interesse på fleire måter, er i ei utskrift v tingboka framstelt slik:

"2. novb. 1665.

Effuind Sifrud og hans bror Olle samt Knud Orli er innstevnt for retten for å høre prov ang. deres og hr. Christoffers fullmektig Christen Bøe, Gausdals, fiskeri i elven. Efter ord og tale skulde Sifrud og Aarlis menn ha overbygget elven med gjerder og staker så at fisken ikke skulde ha sin oppgang til Gausdal..

Saken optages til neste ting."

Ei sak av 1683 har i utskrift denne ordlyden:

"Fåberg 27. august 1683.

Gunder Pedersen Skredder har innstevnt Sifueruds besiddere, Jacob og Olle Sifuerud ang. et stykke eng som ligger mellem gårdene Nor-Ødegaard som Gunder Skredder bebor og grd. Blegind.

Saken optages på åstedet."

Ei tredje sak gjeld og "Sifuerud" og er i utskrift sålydande:

"Sjulerud i Fåberg.

”Sifuerud”

Mellem i Fåberg 7. mai 1685.

Skjøte fra Knud Jonsen i Vardal på 2 skind i grd. Sifuerud og fra Christen Tommesen Jungerud i Fåberg på 2 skind i samme grd. Sifuerud til Oluf (Ole) Nielsen Sifuerud. Dat. 15. novb. 1684.”

Men av 1695 er eit anna skjøte som her også er av interesse, og som vidare etter utskrift fortel dette:

”Sjulerud i Fåberg.

Søre Hoven i Fåberg 23. febr. 1695.

Skjøte fra Ingerj og Ingeborig Evensdøtre til Jacob Gundersen Sifuerud på 8 skind gods. Dat. 24. aug. 1695.”

Tjuge år seinare let i 1715 ”Efver Jacobsen” tinglesa sitt skjøte på ”2 huder odelsrett i grd. Siverud, som han har kjøpt av Ole Holmsen Gilleberg.”

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Siverud” fortalt at garden da var delt i to partar, og at Rasmus Poulsen hadde den eine halvdelen, og Niels Olsen var eigar og brukar av den andre halvdelen, kvar part av skyld 1 hud. Det er dessutan fortalt at grd. Siverud ligg i sollia, er ein lettbrukt gard, og at jordarten der er god. Husdyrhaldet på kvar av gardane var da: 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og nokre geiter, og den årlege utsæden av korn utgjorde 3-4 tønner bygg og litt rug. Kverna var framleis i bruk, og til den eine av gardane hørde husmannsplass med brukande jord.

I tidsromet 1723 til 1740 var så grd. ”Siverud” framleis delt og hadde skiftevis to eller fleire oppsittarar. Men den 3. febr. 1741 kjøpte så Siver Larsen Dahl først Siverud søndre part på 1 hud for 400 rd., og den 8. mars tilhandla han seg og Siverud nordre part også av skyld 1 hud for kjøpesum 224 rd. Dermed hadde altså den nye eigaren Syver Larsen atter samla heile Siverud, Siverud av skyld 2 huder, på si hand. I samband med dette lånte elles Siver Larsen ein sum på 200 rd. av sokneprest, magister Hans Bierherod mot pant i ”Siveruds nordre part” og vidare også 200 rd. av Nicolai Brudahl mot pant i ”Søndre Siverud”.

Siver Larsen brukte så garden Siverud av skyld 2 huder til i 1755, da han selde garden til hr.major Ulrich Friderich Beichman for sum 1050 rd. og dessutan føderåd til ”den gamle enke –”. Ein merker seg elles at ved denne handelen lånte major Beichman 595 rd. av Ole Bierche og Erich Onsum mot pant i grd. Siverud ”hver for den halve del”.

Major Beichman hadde deretter garden Siverud av skyld 2 huder til i 1771, da han selde og skjøta garden til Ole Holmsen Arlien for kjøpesum 1600 rd.

Ole Holmsen Arlien f. 1743, som dermed tok over som eigar og brukar av Syverud, hadde i 1767 gifta seg med Sigrid Holmsdtr. Jørstad. Og dei fekk 7 born. Det var: 1. Ingeborg f. 1767, 2. Berte f. 1770, 3. Ole f. 1773, 4. Sønnøv f. 1776, 5. Anne f. 1779, 6. Hans f. 1784, 7. Simen f. 1800.

Ole Holmsen hadde så sjølv grd. Syverud til i 1788, da han skjøta garden over til svigersonen Christen Pedersen Jørstad, som var gift med Ingeborg Olsdtr. Syverud f. 1767. Kjøpesummen for Syverud var da 1500 rd. + føderåd til svigerforeldra Ole og Sigrid Syverud.

Om dette føderåd vart det i 1791 ei rettssak som gir fleire opplysningar om tilhøva på garden, og som vi her tek med etter utskrift av tingboka:

”Sjulerud i Fåberg.

”Syverud”

17. febr. 1791.

Ole Holmsen Syverud har innstevnt Christen Pedersen Syverud for skyldige 8 tdr. bygg og 8 tdr. blandkorn som citanten hadde betinget sig da han solgte grd. Syverud med alle sine effekter til Innstevnte.

De innstevnte gives laugdag. Citantens sakfører opplyste at citanten hadde mottatt 4 ½ skjepper til avdrag på det påstevnte.

18. juni 1791.

En del vidner ble avhørt. Saken utsettes til neste ting.

10. okt. 1791.

Ole Holmsen Syverud kontra hans svigesevn Christen Pedersen Syverud ang. skyldige 8 tdr. bygg og 8 tdr. blandkorn.

Christen Pedersen tilkjendegav å ha kontrastevnet Ole Holmsen som vel tilkom de 8 tdr. bygg og 8 tdr. blandkorn, men som egenmektig anmasset sig gårdens avgrøde uten å avlegge Regnskap.

Forlik: Christen Pedersen tilstår å være pliktig til å levere citanten 3 tdr. bygg og 3 tdr. blandkorn, mens citanten betaler det halve av omk. Ved kontrastevnemålet med 1 rd. 18 skl.”

To år seinare gav den 18. febr. 1793 Christen Pedersen Syverud skjøte til Kristen Pedersen Fondstad på grd. Syverud av skyld 2 huder for kjøpesum 1650 rd.

Christen Pedersen Fondstad, som elles var fødd på Simenrud i 1735, var gift med Ingrid Christophersdtr. Fondstad, og dei hadde 11 born. Dei var: 1. Peder Fondstad, 2. Christopher Bleken, f. 1775, gift 1828 med Sessel Simensdtr. Tollersrud, 3. Ole Brudalsekren, 4. Christen, død ugift som livgardist i Stockholm, 5. Svend Syverud, 6. Gulbrand f. 1794, gift 1822 med Sofie Amundsdr. Holen f. 1803, 7. Amund f. 1799, død ugift, 8. Anne, gift 1816 med furer P. Roland, Rolandsbakken, 9. Ingeborg, gift med Gudbr. Skaar, 10. Barbro, gift 1821 med Amund Pedersen Finsrud, 11. Marte f. 1797, gift med Ole Kirkerud født 1802.

I 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 2 familiar på ”Siverud”. Dei var:

1. familie: 1. Ole Holmsen, ”Bonde og Gaardbeboer”, 58 år, 2. Sigrd Holmsdtr., kona hans, 52 år, 3. Anne Olsdtr., dotter deira, 23 år, 4. Simen Olsen, son deira, 1 år, 5. Anne Olsdtr., tenestkvinne, 25 år.
2. familie: 1. Ole Hansen, husmann med jord, 38 år, 2. Ingrid Olsdtr., kona hans, 42 år, 3. Hans Olsen, sonen deira, 11 år, 4. Peder, sonen deira 8 år, 5. Ingebor, dotter deira, 5 år, 6. Martha, dotter deira 2 år.

Ein merkar seg at eigaren av Syverud i denne tid, Christen Pedersen Fondstad, altså enda, i 1801, ikkje budde på Syverud.

Av ei sak frå 1808 går det derimot tydeleg fram at da var Christen Pedersen også oppsittar på Syverud. Saka som det gjeld var fore ved ekstrarett, og er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Ekstrarett.

Fåberg 14. novb. 1808.

Fogden har innstevnt Christen Syverud og en Torger Olsen, hvilken siste er tiltalt for å ha solgt en annen manns hest. Alt til et tingsvidnes erhvervelse ang. en handel mellom dem.

Fremlagt en skrivelse fra Foged Rasmussen som bl.a. viser at Torger Olsen har været arresteret og er undveket fra arresten.

Oppsidderen på Syverud, Christen Pedersen, møtte tillikemed de innstevnte vidner. Vidnerne blev forelagt de av foged Rasmussen innsendte kvæstioner og forklarte at Torger Olsen var

kommet til Syverud for ca. 6 uker siden med en rød hest, som han hadde solgt til Christen Syverud for 7 rd. Christen Syverud opplyste at Torger Olsen hadde sagt at han hadde tilbyttet sig hesten på Kongsvinger, hvor han hadde været og solgt slakt. Tingsvidnet sluttet.”

Fire år seinare gav i 1812 Christen Pedersen Syverud skjøte til sonen sin Svend Christensen på grd. Syverud for 600 rd. + føderådsbrev av 27. april 1812 til foreldra Christen Pedersen og hustru.

To år seinare var elles den kjende husbonden på garden, Christen Pedersen død, og det var skifte på ”Sjulerud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart arvebuet verdsett i riksbankdalar og utgjorde brutto 683 rbd. – 46 og netto 563 rbd. – 58. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingri Christophersdtr. dei elleve før nemnde borna i ekteskapet. Det er da opplyst at mannen til Ingeborg Christensdtr. Syverud, førnemnde Gudbrand Skaar var fra Gausdals prestegjeld. Svend Christensen, som i 1812 tok over som eigar og brukar av Syverud, gifta seg i 1816 med Anne Simensdtr. Fliflet, og dei hadde i sitt ekteskap visstnok 3 born: Det var: 1. Ingeborg født 1818, b. Christen født 1822, c. Christine født 1829.

Litt meir om storleiken på gardane i den går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Syverud” oppgitt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 22 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 70 tønner.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk Siverud (Sigurdsrud) som si nye matrikkelskyld: 9 skylddalar 13 skilling, og eigar og brukar av garden var framleis Svend Christensen.

Husmannsplassen Syverudsveen er omhandla i 1852. Svend Syverud gav da husmannskontrakt for 5 år til Simen Nielsen og kona hans på plassen Syverudssveen. I dei same år var det og utskifting av Fåberg Vestfjeld, og to år seinare var det i 1858 utskifting av skogen i ein heimehage som før hadde hørt til garden Syverud og Horn isaman.

Husbonden på garden, Svend Christensen, heldt fram som eigar og brukar av Syverud til i 1860. Da skjøta han Syverud over til svigersonen Stener Johannessen, som var gift med dotter Kristine Svendsdtr. f. 1829. Kjøpesummen for garden var ved denne handelen 200 spd. + føderåd verdsett til 400 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 er det om Syverud oppgitt at jordbruksreal av åker, eng og seterlykkjer i den i den tid utgjorde 282 mål, og av dette var 114 mål av jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Syverud gard var: 4 hestar, 19 storfe og 14 småfe, men dertil var det på husmannsplassar under garden: 6 storfe og 16 småfe. Først på same måten var utsæden det same året på sjølve garden Syverud: 9 5/6 tønner korn og 8 tønner settepoteter; men dertil var det på husmannsplassane til garden sådd og sett: 2 5/6 tønner korn og 4 tønner poteter.

Av 30 oktober 1880 er ei ekstrauskiftet etter ”Gaardmandskone Kristine Svendsdtr.”, der det er opplyst at grd. Syverud vart utlagt til ”Enkemand Stener Johannessen Syverud for kr. 12.000,- med forpligtelse at overdrage Gaarden til sine odelsrettigede Børn for kr. 10.800,-.” Vidare er det opplyst at ved skiftebrev etter gårdmannskone Kristine Svendsdtr. fekk så dei 3 søskena: sonen Svend Stenersen og døtrene Klara og Kristine Stenersdøtre kr. 2.426,26 kvar, til saman kr. 7.278,79.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Skrivemåten av gardnamnet vart endra til Sjulerud, og Sjulerud fekk som sitt nye gardsnummer nr. 154 av samla skyld 15,21 mark. Eigar og brukar av Sjulerud var framleis Stener Johannessen. – Men i 1894 var det skifte etter Stener Johannessen, og garden Sjulerud av skyld 15,21 mark vart utlagt til sterbodottera Klara Stenersdtr. For kr. 14.800,-. Samtidig vart sterboenka Matea Halvorsdtr. gitt utlegg i egedomen for kr. 5.841,97 og sterbodottera Kristine gitt eit skifteutlegg på kr. 5.135,17.

Ti år seinare selde i 1904 Klara Syverud ættegarden i matrikkelen kalla Sjulerud til Peder Ovren og Gunnerius Kalrasten for kr. 16.000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1.000,-. Kjøparane, som og dreiv med skoghandlar og tømmerdrifter, hadde så garden Sjulerud eitt år, men selde den så i 1905 til Ole O. Alsberg for sum kr. 15.000,- + lausøyre kr. 1.500,-. Etter atter to år selde i 1911 O. Alsberg Syvrud ein parsell av garden: gardsnr. 154 Sjulerud bruksnr. 2 Haug av skyld 0,50 mark til Thea Andreasdr. Haugen for sum kr. 1.400,-. Kjøparen Thea Andreasdr. skjøta elles alt i 1918 dette bruksnr. 2 Haug vidare til Simen Engebretsen Haug for same sum kr. 1.400,-. Av andre handlar i seinare tid med garden Sjulerud eller parsellar av garden, tek vi elles med at i 1913 kjøpe så Ole Heggehagen parsellen grn. 154 brn. 3 Nordgarden av skyld 0,71 mark.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 3 bruksnr. under gardsnr. 154 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 bruk var: a. Grn. 154 brn. 1 Syverud med eit jordbruksareal på ca. 130 mål, som Arthur Alsberg da var eigar og brukar av, b. Grn. 154 brn. 2 Haug, jordbruksareal ca. 15 mål, som Sime Haug framleis var eigar og brukar av, c. grn. 154 brn. 3 Nordgarden, jordbruksareal ca. 45 mål, eigar og rukar: Ole O. Heggehagen.

Far til Ole O. Heggehagen var ein velkjend mann under namnet Ole Hansen Holmen (frå Fagstadholmen i Fåberg). Han var ein dugande handverkar, som m.a. fekk diplom frå Norsk Landbruksselskap for messingarbeid.